

Notat
Til: Hovudutval for opplæring

Frå: Fylkesdirektøren for opplæring
Notat til HO - opplæringstilbod for vaksne 2019/20

Fylkesdirektøren viser til HO-sak 30/18 Opplæringstilbod for vaksne. Målgruppa for vidaregåande opplæring har endra seg mykje dei siste åra. Frå å vere tilbod for ufaglærte vaksne med lang praksis innanfor eit fagområde, omfattar det no òg eit aukande tal vaksne minoritetsspråklege søkjarar. I Sogn og Fjordane var 65% av dei vaksne søkjarane minoritetsspråklege til skuleåret 2018/19, og talet søkjarar er aukande. Felles for denne gruppa er at tidlegare utdanning og praksis i liten grad er relevant og godkjend i Norge, og dei treng derfor meir omfattande og ressurskrevjande opplæring.

Fylkesdirektøren legg opp til eit tilbod som i størst mogleg grad dekker begge gruppene sine behov for tilrettelegging av opplæringa. Tilbodet er lagt i samarbeid med det ordinære inntaket og etter behov i arbeidslivet. Vaksenopplæringsbudsjettet på 13,9 millionar gjev likevel ikkje fylkesdirektøren høve til å starte alle tilbod som er etterspurd.

Fylkesdirektøren vil vurdere oppstart av tilbod og undervisningsstad med utgangspunkt i søkjartala.

Fylkesdirektøren lyser ut følgjande vaksenopplæringstilbod vår og haust 2019:

Opplæringstilbod vaksenopplæring	Ansvarleg skule - opplæringsstad	Oppstart
Vg1 helse og oppvekstfag komprimert ½ år fylkesdekkande	Skule ikkje fastsett - Skei	Vår -19
Norsk fellesfag fylkesdekkande	Skule ikkje fastsett - Skei	Vår -19
Studiespesialisering	Hafstad vgs – Førde, Eid og Sogndal	Haust -19
Vg2 byggtknikk/anleggsteknikk	Mo og Øyrane vgs - Førde	Haust -19
Vg2 transport og logistikk	Mo og Øyrane vgs - Førde	Haust -19
Vg2 barne og ungdomsarbeidar	Mo og Øyrane vgs – Førde/Sogndal	Haust -19
Vg2 kokk og servitør	Mo og Øyrane eller Sogndal - Førde/Sogndal	Haust -19
Vg2 helsearbeidar	Sogndal vgs – Sogndal/Førde	Haust -19
Vg1 helse og oppvekst	Mo og Øyrane vgs – Førde/Florø	Haust -19
Vg2 helsearbeidar komprimert fylkesdekkande	Skule ikkje fastsett - Skei	Haust -19

Som vedteke i HO-sak 30/18 tilrår fylkesdirektøren at det vert lyst ut kombinerte ordinære og vaksenopplæringstilbod for skuleåret 2019-20. Kostnadene blir delte mellom budsjett for ordinær opplæring og vaksenopplæring. Jamfør saksutgreiing HO-sak 34/18. Fylkesdirektøren har tilrådd å lyse ut fylgjande kombinerte tilbod:

Kombinerte opplæringstilbod	Ansvarleg skule - opplæringsstad	Oppstart
Vg2 sal, service og tryggleik	Flora vgs	Haust -19
Vg1 helse og oppvekst	Høyanger vgs	Haust -19
Vg1 bygg og anleggsteknikk	Stryn vgs	Haust -19
Vg1 teknikk og industriell produksjon	Årdal vgs	Haust -19
Vg1 service og samferdsel	Årdal vgs	Haust -19

I tillegg er følgjande tilbod starta opp etter Sogn og Fjordanmodellen - eit samarbeid mellom NAV, kommunar og fylkeskommunen, og vert ikkje utlyste:

Opplæringstilbod – Sogn og Fjordanmodellen	Ansvarleg skule	Oppstart
Vg 3 tannhelsesekretær	Firda vgs	Haust -17
Vg2 helsearbeidar	Firda vgs	Haust -18
Vg3 helsearbeidar fellesfag	Firda vgs	Haust -17
Vg2 polymerkompositt/betong	Firda vgs	Haust - 18
Vg 3 helsearbeidar fellesfag	Dale vgs	Haust - 17
Vg2 helsearbeidar	Sogndal vgs	Haust - 18
Vg1/vg2 kjemiprosess/industrieteknologi	Årdal vgs	Desember - 18